

Navn: Innsendere må oppgi navn, adresse og telefonnummer.
Bilder: Vi ønsker helst digitale bilder, men tar også imot papirbilder.
Minneord og nekrologer: Maks 2000 tegn.
 Redigering: Vi forbeholder oss rett til å redigere tilsendt materiale.

Adresse:
 Stavanger Aftenblad,
 postboks 229,
 4001 Stavanger



Anders L. Andersen · Torhild F. Jacobsen

Intervjuet Forteljaren

Til Eidsvoll med Stavangerhistorie

➤ Tre kongehus skal dit 17. mai. Det skal også **Anne Elisebeth Skogen** frå Sand. Ho skal fortelja historia om Stavanger-kvinna Berta på Verket.



DAGENS NAMN

- **ANNE ELISEBETH SKOGEN**
- **FØDD:** 3. mars 1954.
- **BUSTAD:** Sand.
- **YRKE:** Forteljar og drama-lærer i kulturskolen i Suldal.
- **FAMILIE:** Gift med Ernst Berge Drange, fire vaksne barn.
- **AKTUELL:** Skal fortelja på Eidsvoll 17. mai.
- **BESKRIV DEG SJØLV MED TRE ORD:** God til å lytta, pliktoppfyllande. Etter at eg var alvorleg sjuk for to år sidan, er eg ikkje minst takksam for familie, gode kollegaer og venar og kjekk jobb, ja, og for god helse.
- **KVA ER DU MEST OPP-TATT AV FOR TIDA:** Ulike 1814-markringar, men også det historiske spelet Syng Elvestraum som skal spelast i Sand i pinsen. Der er eg sterkt involvert.
- **KVA PROVOSERER DEG:** Å bli tillagt noko eg ikkje meiner eller har sagt. Det kjennest urettferdig.

Anne Elisebeth Skogen skal til Eidsvoll 17. mai med forteljinga om husmannsenka Berta frå Stavanger. FOTO: REIDUN GUDMESTAD

SAND/EIDSVOLL

Historia fortalde ho først då Arkivverket arrangerte historisk cruise til Kiel i januar. Så kom spørsmålet frå dei som planla den store jubileumsfeiringa for grunnlova på Eidsvoll.

Forteljar

Anen Elisebeth Skogen har alltid fortalt. Ho har berre ikkje alltid visst at det er forteljar ho er.

Første gong ho møtte folk som kalla seg forteljarar, var på den kristne Korsvegfestivalen på 1990-talet. Ho kjende seg igjen.

–Som lærar oppdaga eg at det ikkje autoriteten min som fekk elevane til å lytta. Det var forteljingane.

Ho starta som lærar på folkehøgskulen på Sand. Sidan har familien budd der. Ho har tatt forteljarutdanning og har oppretta Forteljar-kokeriet. I tillegg er ho dramalærer i kulturskolen i Suldal.

Arv

Med seg heimanfrå Egersund had-

”Bestefar fekk 20 barn på 40 år med to koner. Far var nummer 18.”

de ho ei stor skattkiste med historier. Den har ho ausa av og villig delt med andre.

–Bestefar fekk 20 barn på 40 år med to koner. Far var nummer 18. Han var sjømann og fortalde og fortalde frå det han opplevde. Eg er yngst av bestefar sine mange barnebarn og arva dagboka hans. Den begynte i 1874 med møte med Lars Oftedal i Stavanger.

Begge desse kjeldene gir mengder av stoff. Ho brukar det som utgangspunkt og formar historiene med den kunstnariske friheten ho treng.

–Å fortelja er som å mala, å lytta er som å sjå, seier ho. –Når folk ser for seg det eg fortel, har eg gjort jobben min.

Kanskje ho har med eit heimelaga kart, eller ein plakat med nokre faktaopplysningar som berre heng der. Små «skyggebevegelsar» vert brukte til å streka under eller antyda. Ho tenkjer som på film, skifter scene og synsvinkel, går nært og lenger frå.

Dette store jubileumsåret står

historia om Berta på Verket i sentrum. Til hausten skal Anne Elisebeth Skogen ha 40 framsyningar i Stavanger-skulen. Onsdag var ho i Statsarkivet i Stavanger.

Berta var husmannsenke i Stavanger. Ho levde av å spinna ull og lin. Ut over vinteren 1814 vart ho sjuk. Ho døde omtrent akkurat då Peder Valentin Rosenkilde vart vald til å vera Stavanger by sin representant til grunnlovsforsamlinga.

Ho vart gravlagd den føremiddagen 90 valmenn frå heile Rogaland samlast for å velja dei andre tre rogalandrepresentantane til Eidsvoll.

Det var Lisabet Risa ved Statsarkivet som fann fram skifteprotokollane og for eitt år sidan utfordra henne til å laga historia.

–Me veit at ho hadde ei blå kåpe, og at det på kistebotnen låg eit fint serveringsforkle som mest ikkje var brukt, og ein jakke i damask. Berre det fortel mykje om Berta, seier forteljaren.

Ho nyt også godt av god tilgang

til historiske kjelder sidan ektemannen er historikar og bygdebokforfattar.

–Berre å finna ut koss veret var den vinteren, var eit heilt arbeid. Men til slutt fekk eg hjelp frå Arkeologisk Museum. Dei fann veromtale i ei dagbok.

Ulike historier

Forteljingane hennar er ulike, det er soger og segner, 1001 natt, litt bibelhistorie, men det meste er bygt på eige stoff.

Ho har også laga historia om emigrantskipet «Restauration». Den vert brukt av guidane ombord. I engelsk utgåve er den fortalt i sju statar i USA. No er ho invitert til Sør-Dakota for å fortelja fortsetjinga. Kanskje den også kan bli å høyra i eit galleri på Manhattan og i Sioux City der indiansk forteljarhistorie er levande.

Men først står Eidsvoll for tur.